



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyre
Møtestad: Grendahuset
Dato: 06.11.2025
Tid: Kl. 09:00 - 13:30
Saksnr.: 056/25 – 059/25

Faste representantar som møtte:	Parti
Andreas Færøy Gåsvær	AP
Sigve Lerpold	AP
Bjarne Leiv Ravnøy	H
Kenneth Sæbø	H
Anne Marie Gåsvær	SP
Gunn Åmdal Mongstad	SP
Nils Christian Bjørge	SP
Per Daniel Losnegård	SP
Sara Tunestveit	SP
Øyvind Losnegard	SP
Endre Johan Bukkøy Natvik	SV

Forfall faste representantar:	Parti	Fylgjande vararep. møtte:	Parti
Anita Lien Einen	H	Øystein Aarøy Mårstig	H
Øystein Olai Espeland	H	Hanne Mjåtveit	H
Erlend Lambrechts Trovåg	SP	Lasse Lund	SP
John Sigfred Hugøy	SP	Egil Røed	SP

Møteleiar: Gunn Åmdal Mongstad

Møteinnkalling:	Innkalling datert 30. oktober 2025
Kunngjering:	Heimeside
Frå administrasjonen møtte:	Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt. Stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen. Rådgjevar Nikolai Stølsvik. Rådgjevar Anne Kristine Dyrdal. Trainee Andrea Ramsrud Kjellvang (frå sak 059/25)

Permisjon frå møte:	Representanten Bjarne Leiv Ravnøy fekk permisjon etter sak 059/25.
Godkjenning innkalling:	Det var ingen merknad til innkallinga.
Godkjenning sakliste:	Det var ingen merknad og saklista vart samrøystes godkjent.
2 rep. underskrift møtebok:	Representantane Bjarne Leiv Ravnøy og Nils Christian Bjørge vart samrøystes valde.
Utlevert i møtet:	Samfunnsdelen til kommuneplanen med formannskapet sine endringar innarbeida vart sendt ut til kommunestyremedlemmane i forkant av møtet.
Spørsmål/interpell.:	
Orientering:	<i>Kommunedirektøren orienterar om:</i> Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt orienterte om pågåande prosjekt: • Bygdevekst • Oppgraderingar Solundheimen • Asfaltering Klubben • Oppgraderingar barneskulen • Gangveg Sildevika - Steinsund Stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen orienterte om budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029. <i>Ordførar orienterar om:</i> Det er vedteke at fylkeskommunen skal etablere dialog med Solund kommune om forlenging av tilleggskai på Losna. Bru over Rørdalsfjorden er forseinka og vert truleg ikkje ferdig før april 2027. Fylkeskommunen ser på tiltak for tungtrafikk. Framtidig organisering og lokalisering av politiet i Nordhordland og Solund.
Synfaring:	
Diverse:	

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
056/25	Godkjenning av møteprotokoll
057/25	Skriv og melding
058/25	Utvikling av Søre-Mortevika som næringsareal
059/25	Vedtak om høyring på Solund kommune sin samfunnsdel 2026 - 2038

Underskrifter:

056/25: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre sin møteprotokoll frå 2. oktober 2025 vert godkjent.

Handsaming i Kommunestyre 06.11.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 056/25 VEDTAK:

Solund kommunestyre sin møteprotokoll frå 2. oktober 2025 vert godkjent.

057/25: Skriv og melding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Handsaming i Kommunestyre 06.11.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 057/25 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

058/25: Utvikling av Søre-Mortevika som næringsareal

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret bevilgar ei ramme på 150 000,- eks mva til prosjektering og utvikling av føreslått tiltak. Midlane vert henta frå prosjekt 2882 Utvikling næringsareal.

Handsaming i Formannskap 29.10.2025:

Felles framlegg til vedtak:

Kommunestyret bevilgar ei ramme på 150 000,- eks mva til prosjektering og utvikling av nordre del av Søre Morteveika der ein ser på å etablere ei om lag 40 m lang kai, på linje med eksisterande etablert kaianlegg, samt utfylling i sjø av overskotsmassar. Midlane vert henta frå prosjekt 2882 Utvikling næringsareal.

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 071/25 VEDTAK:

Kommunestyret bevilgar ei ramme på 150 000,- eks mva til prosjektering og utvikling av nordre del av Søre Morteveika der ein ser på å etablere ei om lag 40 m lang kai, på linje med eksisterande etablert kaianlegg, samt utfylling i sjø av overskotsmassar. Midlane vert henta frå prosjekt 2882 Utvikling næringsareal.

Handsaming i Kommunestyre 06.11.2025:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes valde.

KOM- 058/25 VEDTAK:

Kommunestyret bevilgar ei ramme på 150 000,- eks mva til prosjektering og utvikling av nordre del av Søre Morteveika der ein ser på å etablere ei om lag 40 m lang kai, på linje med eksisterande etablert kaianlegg, samt utfylling i sjø av overskotsmassar. Midlane vert henta frå prosjekt 2882 Utvikling næringsareal.

059/25: Vedtak om høyring på Solund kommune sin samfunnsdel 2026 - 2038

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-4 vedtek Solund kommunestyre å legge utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen for Solund kommune 2026-2038 på høyring. Høyringsperioden vert sett til 6 veker.

Arbeidet med handlingsplanen vert slått saman med økonomiplanprosessen i tråd med det som er beskrive i saka.

Handsaming i Formannskap 29.10.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 069/25 VEDTAK:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-4 vedtek Solund kommunestyre å legge utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen for Solund kommune 2026-2038 på høyring.
Høyringsperioden vert sett til 6 veker.

Arbeidet med handlingsplanen vert slått saman med økonomiplanprosessen i tråd med det som er beskrive i saka.

Handsaming i Kommunestyre 06.11.2025:

Felles framlegg om endring:

Nytt kulepunkt under 2.1 Solundsamfunnet om 12 år

“Vere i forkant for å sikre/ha relevant forskingsbasert kompetanse for å sikre høg tenestkvalitet i alle ledd”

Ny setning under Kultur, idrett og friluftsliv. Avsnitt 2:

"Tilsvarande gjeld for Norsk idrettsinndeks."

Endring av 2. avsnitt i vedtaket:

Føringane i samfunnsdelen vert lagt til grunn i arbeidet med økonomiplanprosessen.

Votering:

Det vart fyst røysta over felles framlegg om endring.

Felles framlegg om endring vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over den versjonen av samfunnsdelen som vart utlevert i møtet med vedteke endringar.

Samfunnsdelen som vart utlevert i møtet med vedteke endringar vart samrøystes vedteke.

KOM- 059/25 VEDTAK:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-4 vedtek Solund kommunestyre å legge utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen for Solund kommune 2026-2038 på høyring, med fylgjande endringar:

Nytt kulepunkt under 2.1 Solundsamfunnet om 12 år

“Vere i forkant for å sikre/ha relevant forskingsbasert kompetanse for å sikre høg tenestekvalitet i alle ledd”

Ny setning under Kultur, idrett og friluftsliv. Avsnitt 2:

"Tilsvarende gjeld for Norsk idrettsinndeks."

Høringsperioden vert sett til 6 veker.

Føringane i samfunnsdelen vert lagt til grunn i arbeidet med økonomiplanprosessen.

Høringsperioden vert sett til 6 veker.